

Protokoll for oppmålingsforretning etter lov om eiendomsregistrering (Matrikkellova)

Journalnr
20162695Oppdragsnr
2016078

Matrikkeletat				
Kommune	K.nr	Adresse	Postnr	Poststad
Meland kommune	1256	PB. 79	5906	Frekhaug

Matrikkeleining					
Gateadresse	Gnr	Bnr	Fnr	Snr	Registrert eigar/festar
	23	352	0	0	DALSEIDE ARVID MAGNAR (Hjemmelshaver)
	23	352	0	0	KOLLANES JAN OVE (Hjemmelshaver)

Om oppmålingsforretninga

Forretninga avvika:	Dato	Kl	Stad
	26.01.2017	10.00	På parsellen

Forretninga gjeld oppretting av matrikkeleining

Grunneigedom Festegrund Anleggseigedom Uteareal eigarseksjon

Forretninga gjeld registrering av eksisterande grunn

Grensejustering Klarlegging av eksisterande grense Nymerking av eksisterande grense Registrering av ureg. jordsameige Matrikulering av umatrikulert grunn

Arealoverføring Anna

Forklaring
Deling av 23/352 med arealoverføring til 23/236 og samanslåing av restarealet med 23/339.

Saks-behandling	Løyvedato	Dato for fullstendig rekvisisjon	Pårekna dato for fullført matrikulering
	07.12.2016		

Rekvirent	Rekvisjonsdato
DALSEIDE ARVID MAGNAR KOLLANES JAN OVE	23.11.2016

Habilitet

Landmålaren sitt namn
Per Atle Sæle

Landmålar orienterte partane om det låg føre forhold av personleg eller økonomisk art som kunne tilseia inhabilitet.

Hadde nokon av partane merknader/innvending til gjennomføringa av forretninga? Nei Ja (jfr. vedlegg)

Varsling og oppmøte

Varslet om oppmålingsforretning inneheld ei liste over dei personane som var varsla, deira partsstilling, varslingsdato og varslingsmåte. Under forretninga vart det oppmoda om å stadfesta sitt fram møte ved underskrift på lista og framsyning av legitimasjon. (Jfr. vedlegg).

Ev. merknader til varslinga

Saksdokument - bakgrunn for forretninga

	Forklaring	Journalpost nr	Vedlegg nr	Urelevant
Søknad etter pbl				X
Vedtak (tillatelse) etter pbl				X
Rekvisisjon av oppmålingsforretning				X
Varsel om oppmålingsforretning				X
Situasjonskart og situasjonsplan				X
Konsesjonsdokument				X
Servitutt				X
Uttalelse/tillatelse fra andre myndigheter				X
Avtaler				X

Omtale av grenser, grensemerke, inngåtte avtaler, skiltsdom, påstandar frå partane m.m.

Pkt.nr	Type merke	Status	Punkt godkj. av partane	Partspåstandar (journalpost/ vedl.nr.)	Skiltsdom/forlik (journalpost/ vedl.nr.)
352-1	Asfaltspiker Nedsatt i:	Eksist. grense nedsatt på nytt			
352-2	Asfaltspiker Nedsatt i:	Nytt grensemerke			
352-3	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke			
352-4	Umerket Nedsatt i:				
352-5	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt			
236-1	Asfaltspiker Nedsatt i:	Gjenfunnet			
236-2	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt			
203-1	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Eksist. grense nedsatt på nytt			

Oppsummering og fråsegn frå landmålar

Landmålar vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering • tinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Meland kommune har 07.12.2016 godkjent løyve til deling av gnr 23 bnr 352, administrativt vedtak saknr: 375/2016. Den nordlege delen av 23/352 skal arealoverførast til 23/236, medan restarealet (den sørlege delen) skal slåast saman med 23/339.

Oppmålingsforretning vart halde 26.01.2017. Ved forretninga møtte Arvid Dalseide for 23/236 og 23/352. Jan Ove Kollanes møtte for 23/339 og 23/352. Eigar av 23/180, eigar av 23/203 og eigar av 23/213 var også varsla, men møtte ikkje. Grensa mot desse tre eigedomane er klarlagt og oppmålt ved tidlegare kart- og delingsforretningar.

Yttergrensene til 23/352 vart først stukke ut og påvist. Dalseide påviste gamalt grensemerke i fjell i grensa til 23/213, grensepunkt 236-2. Vidare vart gamalt grensemerke i fjell som utgjer hjørnepunktet mellom 23/203, 339 og 352 leita fram, grensepunkt 352-5. Grensa mellom 23/203, 213 og 352 vart også stukke ut. her vart det sett ned nytt grensemerke i fjell, grensepunkt 203-1. Vidare vart det sett ned to asfaltspikarar i 23/352 si grense mot vegen, grensepunkt 352-1 i grensa mot 23/339 og grensepunkt 236-1 i grensa mot 23/236.

Dalseide og Kollanes har eigd 23/352 i fellesskap og er samde om delelina. Det vart sett ned asfaltspikar i vegen, grensepunkt 352-2 rett utafor lysstolpe. I tillegg vart det sett ned eit nytt grensemerke i fjell i delelina, grensepunkt 352-3. Delelina går i rett line frå grensepunkt 352-2 30,01m til grensepunkt 352-3 og vidare i same retning 5,81m til umerka skjæringspunkt grensepunkt 352-4 i grensa mot 23/203.

Arealet som skal overførast til 23/236 er oppmålt og utrekna til 265,6 m². Restarealet til 23/352 som skal slåast saman med 23/339 er oppmålt og utrekna til 351,2 m². Grensemålingane er utført med Topcon Hiper GNSS/CPOS og tilfredsstillar krava til nøyaktighet som er sett i eigdomsstandarden.

Før arealoverføringa kan tinglysast, må partane fylla ut skjema "Erklæring om arealoverføring" og levera kommunen. For at restarealet til 23/352 kan samanføyast med 23/339, må det vera same eigar på dei to eigedomane. Dalseide må skriva skøyte på sin halvpart av 23/352 til Kollanes. Kollanes må vidare fylla ut skjema "Krav om samanføring".

Når alt dette er i orden, sender kommunen melding til tinglysing og skriv i etterkant ut nytt matrikkelbrev for 23/236 og 23/339 som vert sendt eigarar. Forenkla matrikkelbrev vert sendt naboar.

I samsvar med matrikkellova §46 og reglane i forvaltningslova kap IV - VI kan det klagast på utføringa av forretninga og på matrikkelføringa. Klagefristen er tre veker.

Sted

Frekhaug

Dato

01.02.2017

Underskrift



Vedlegg (saksdokument som kjem til under oppmålingsforretninga)				
Relevant	Dokumenttype	Forklaring	Journalpost nr.	Vedlegg nr.
	Partsliste			
	Beregningsdokumentasjon			
	Fullmakt			
	Avtaler			
	Hjemmelsdokument (matrikkelbrev, ekspropriasjonsvedtak, andelsbevis, tinglyst skjøte)			
	Arealregnskap			
	Begjæring/tillatelse til seksjonering/reseksjonering			
	Partspåstander			
	Forlik/voldgift			
	Kartvedlegg til protokoll			